



Siste hand vert lagt på vellukka sentrumsprosjekt i Uskedalen: Hagetunet. Foto: Ola Matti Mathisen

**Uskedal utvikling deltek imorgon, måndag, på tettstadkonferansen
Gode bustader i sentrum.
Den årlege konferansen, skipa til av Hordaland fylkeskommune,
er lagt til Voss og går over to dagar**

Leiar, Kristian Bringedal, og varaleiar, Jan Erik Olsson, frå styret vert med den fyrste dagen.

Bygging av bustader i sentrum er eit aktuelt tema i mange bygder, også i Uskedalen.

På samlinga på Voss vil ein særleg ha fokus på:

- * Korleis lukkast med å byggja sentrumsbustader med kvalitet
- * Korleis kan slike tiltak vera miljøskapande og styrka identiteten på staden
- * Korleis skapa prosjekt som stimulerer til sosial aktivitet og eit godt naboskap

Mykje av innhaldet vil vera nyttig og aktuelt for Uskedalen, mellom anna for å få kunnskap om korleis ein kan utvikla og leggja tilrette for ei attraktiv sentrumsbygd i Kvinnherad.

Vidare arbeid med stadanalyse og sentrumsutvikling vert ein viktig del av prosjektet Liv og Lyst.
Uskedal utvikling er førebels løyvd kr. 20.000,- til dette tiltaket.

Tekst: Kristian Olav Bringedal